

# RETTLEIAR OM SKOLESKYSS SKOLEÅRET 20/21

- for skolar og kommunar



## Kven har rett på gratis skoleskyss?

Elevar har rett på gratis skoleskyss dersom dei går på nærskolen, og eit eller fleire punkt under er gjeldande:

- Eleven har lengre enn fire kilometer avstand mellom heim og skole. Førsteklassingar har rett på fri skoleskyss dersom skolevegen er lengre enn to kilometer kvar veg.
- Elevar med varig eller midlertidig funksjonshemming/sjukdom kan ha rett på skyss mellom heim og skole uavhengig av reiselengde, dersom funksjonshemminga eller sjukdommen medfører at eleven treng skyss for å kome seg til skolen .
- Elevar som har mindre enn fire kilometer (to for førsteklassingar) lang skoleveg, men som har ein særleg trafikkfarleg eller vanskeleg skoleveg. Søknaden skal rettast til kommunen eleven bor i.

Detaljert skoleskyssreglement finn du på [www.skyss.no/skoleskyss](http://www.skyss.no/skoleskyss)

## Slik søker ein om skoleskyss

Det er skolane som søker om skyss for sine elevar i skoleskyss-systemet CERT, og godkjent skoleskyss blir sett opp ut frå informasjonen som skolen registrerer her.

På [www.skyss.no/skoleskyss](http://www.skyss.no/skoleskyss) under «reglement og skjema» ligg skjema for særleg farleg skoleveg og delt bustad. Desse skal leggest ved søknaden i dei tilfella der dette er relevant.

Dersom ein søker om skyss på grunnlag av varig funksjonshemming/sjukdom må det leggest ved legeerklæring. Vi tilrår å bruke legeerklæringa som ligg på vår nettside. Denne er også tilgjengeleg i legane sitt journalsystem.

Søknadar om mellombels medisinsk skyss (kan berre nyttast ved mellombels funksjonshemming og maksimalt 8 veker) handsamast og bestillast av skolen/kommunen i CERT. Behovet for skyss skal vere stadfesta og tidsavgrensa med legeerklæring, som må leggest ved søknaden i CERT. Skyss skal

kontaktast dersom eit skyssopplegg vert svært kostbart.

## Innmelding av start- og sluttider for nytt skoleår

Start- og sluttider for dei ulike trinna må vere registrert i CERT før ein kan melde inn elevsøknadar, og seinast innan 1. mars. Skyss tek utgangspunkt i innmeldte start- og sluttider for planlegginga av skoleskyssen.

Sidan CERT ikkje varslar automatisk om endringar, ber vi om at informasjon om endringar i start- og sluttid (samanlikna med førre skoleår) meldast til [skoleskyss@skyss.no](mailto:skoleskyss@skyss.no). Her må det gå klart fram kva som er ny og gammal tid, samt kva trinn og dagar dette gjeld.

Dersom det meldast inn endringar som Skyss ser kan vere utfordrande for skoleskyssen, vil Skyss ta kontakt med skolen. Dette fordi dei same bussavgangane kan frakte elevar til fleire skular.

Dersom skolen gjer endringar i start- og sluttider etter fristen 1. mars kan ikkje Skyss garantere at desse kan imøtekomast, og endringar kan få konsekvensar for ventetida for elevane.

## Frist for innmelding av elevsøknadar

Søknadar om skoleskyss skal meldas inn i CERT innan 1. mars. Skolane må kvalitetssikre at informasjonen i søknadane er riktig og at eventuell dokumentasjon er lagt ved.

Skyss planlegg busskapasiteten til den enkelte skole ut frå talet på elevar som er meldt inn i CERT innan fristen. Dersom det blir meldt inn mange elevar etter fristen kan dette få konsekvensar for skoleskyssen, då ein risikerer for liten busskapasitet.

## Sjekke status på søknaden

Skolane kan følgje med på status for søknadane ved å klikke på Administrer elevsøknader i CERT. Her vil saken ha ein av følgjande statusar:

| Status            | Forklaring   |
|-------------------|--|
| «Autogodkjent»    | automatisk godkjent av CERT, og avventer vidare behandling og tildeling av skyssopplegg. |
| «Autoukjent»      | tvilstilfeller i forhold til avstand, eller feil i Mal for skyssbestilling.              |
| «Avvist»          | søknadar som har blitt automatisk avslått av CERT på grunn av for kort avstand.          |
| «Lukket»          | søknadar som er avslutta i CERT.   |
| «Godkjent til...» | søknaden er ferdigbehandla og eleven er tildelt eit skyssopplegg.                        |

## Skolerute for skoleåret

Skoleskyssen blir satt opp etter kommunen si skolerute. Avvik frå kommunen si skolerute bør unngåast, da dette kan få konsekvensar for skoleskyssen. Eventuelle avvik må avklarast med Skyss ([skoleskyss@skyss.no](mailto:skoleskyss@skyss.no)) i god tid.

Når eventuelle planar om avvik i skoleruta er avklart med Skyss, må dette og meldast til bussoperatør og drosjeoperatør i god tid.

## Kommunen/skolen si rettleiingsplikt

Kommunen/skolen må bidra til å informere elevene om skyssrettane deira.

## Skolekort

Elevar som får innvilga buss får utdelt skolekort som inneheld 2 daglege reiser mellom heim og skole.

Det blir sendt ut personaliserte skolekort til skulane i forkant av nytt skoleår, som skulane deler ut til elevane. Skulane mottar også ekstrakort, som skal delast ut til nye elevar som innvilgast skoleskyss i løpet av året, eller til elevar som mister eller øydelegg skolekortet sitt.

## Bussopplæring

God trafikkopplæring bør skje i samspel mellom skole og heim, og foreldra har hovudansvaret for trafikkopplæring av eigne barn. Skolane har som oppgåve å gjennomføre trafikkopplæring kontinuerleg gjennom heile skoletida, og skolar som

har elevar som reiser dagleg med buss bør øve på trygg bussatferd. Trygg trafikk har gode øvingsoppgåver på [www.tryggtrafikk.no](http://www.tryggtrafikk.no)

## Kapasitet i skolebussar

Skoleskyssen blir planlagt ut frå talet på elevar med rett til skyss som er meldt inn av skolen innan søknadsfristen 1. mars. Det er viktig at skoleelevane spreier seg på dei bussavgangane som er tilgjengeleg, for å unngå kapasitetsutfordringar. Dersom ein likevel ofte opplever kapasitetsutfordringar må dette meldast inn til Skyss. I tilfelle med kapasitetsutfordringar der det ikkje finst tilgjengeleg ekstra bussmateriell kan elevar utan skyssrett bli vist til det ordinære rutetilbodet.

## Tilrettelagt skoleskyss

All skoleskyss skal som hovudregel utførast med kollektivtransport. Elevar med rett til gratis skoleskyss som ikkje kan nytte seg av kollektivtilbodet kan søke om tilrettelagt skyss på heile eller delar av strekninga dersom eit eller fleire av følgjande vilkår er oppfylt:

- behov for anna skyss enn buss grunna varig eller midlertidig funksjonshemming/sjukdom.
- manglande kollektivtilbod på strekning der eleven har rett til skoleskyss anten på grunn av avstand eller særleg trafikkfarleg skoleveg.

## Hentetider tilrettelagt skyss

Skoleskyssen blir satt opp til faste start- og sluttider, og konkrete hentetider avtaler skolen eller foreldre direkte med transportør etter at søknad er godkjent. Henting utanom faste hentetider i forbindelse med akutt sjukdom faller utanfor retten til skoleskyss etter opplæringslova.

Skoleskyss med drosje er basert s på samkøyring, og transportør kan leggje opp køyreruta slik at eleven kan komme inntil 15 min før og hentast inntil 15 min etter siste time.

## Privat skyss

For elevar som har fått innvilga tilrettelagt skoleskyss kan føresette søke om å få vere ansvarleg for skyssen sjølv. Dersom ein slik søknad blir godkjent blir køyringa godtgjort etter gjeldande Helfo satsar.

I dei tilfella der privat skyss blir godtkjent skal det sendast inn refusjonskrav frå skyssutøvar ein gang

pr. halvår. Refusjonsskjema finn ein på [www.skyss.no/skoleskyss](http://www.skyss.no/skoleskyss).

Skyss refunderer berre forhandsgodkjent privat køyring. Søknader som sendast inn etter skolestart blir godtgjort frå den datoen søknaden er sendt inn, dersom søknaden blir godkjent.

## Årshjul for skoleskyss

### januar

- Skolane kan starte søknadsprosessen i CERT (trinna sine start- og sluttider må vere registrert først)

### 1. mars

- Siste frist for innmelding av start- og sluttider
- Siste frist for innmelding av elevsøknadar

### juni/juli

- Utsending av skolekort til skolene for nytt skoleår
- Transportbestillingar for tilrettelagt skyss blir sendt transportør forløpande, og inneheld informasjonen som skolen har meldt inn i CERT. Dersom søknadar inneheld feil informasjon, t.d. feil adresse eller feile opplysingar om behov for hjelpemiddel, kan ein ikkje pårekne å ha korrekt transport på plass ved oppstart i august

### juli

- Rutetider for nytt skoleår er tilgjengeleg i reiseplanleggaren på [www.skyss.no](http://www.skyss.no)  
Søk fra eleven sin heimeadresse/haldeplass til skolen

### 1. august

- Frå og med 1. august får alle nye søknadar og endringar i eksisterande søknadar, inntil 14 dagars behandlingstid grunna oppstart av nytt skoleår og høg saksmengde

## Kontaktinformasjon

E-post: [skoleskyss@skyss.no](mailto:skoleskyss@skyss.no)

Telefon: 55 55 90 70, tastevalg 2. Åpningstid mellom kl. 09-12 alle skoledager

Nettside: [www.skyss.no/skoleskyss](http://www.skyss.no/skoleskyss)